










Arealstrategiar fra samfunnsdelen som er relevant for bustadformål

1. Bø utviklast som regionsenter for Telemark, Gvarv som lokalsenter for Midt-Telemark kommune og Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu som grendesentra. Avgrensing av tettstadene følger prinsippa i gjeldande arealdelar.
2. 70% av bustadbygging skal skje innanfor tettstadene Bø og Gvarv. Anna bustadbygging skal bygge opp under eks. grendesentra, men det skal vere høve til spredt bustadbygging og små husklynger tilknytta eks bebyggelse etter gitte kriteria
3. Det leggst til rette for fortetting med fokus på kvalitet, vassvegar og grønstruktur i kjerna av alle sentra i kommunen
4. Det skal leggst til rette for at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport
6. Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfald skal sikrast.
7. Viktige frilufts- og naturområde og tilkomst frå bustadområde skal sikrast
8. Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivaretatt. Bruken av vassdraget skal ikkje forringe verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.
9. Det leggst til rette for variert bustadstruktur for å sikre sosiale møteplassar, mangfald og liv i nærmiljøet.

Generell info		Kart med innspelte vist over dagens situasjon Sjå også kommunekart.no		Forslag og planstatus		Kart med innspelet vist over gjeldande kommuneplan Sjå også kommunekart.no		Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
1	BREISÅS SKULEKRINS: Bø FORSLAGSTILLAR: TBV Bolig GRUNNEIGARAR: Eivind og Rita Eckbo			G/BNR: 51/1 AREAL: 70 daa BUEININGAR: Ukjent GRUNNGJEVING: Området låg inne i høyringsutkastet til gjeldande KPA Bø, men ble tatt ut ved endeleg vedtak av planen i KST. Forslagsstillar ønsker ny vurdering. PLANSTATUS: LNF med hensynssone for viktig friluftsområde. Innanfor tettstadgrensa for Bø				I tråd med utbyggingsmønster (2) og strategi om bevaring av dyrka og dyrkbar mark (6). Om lag 2,5km frå sentrumsfunksjonar og skule, men høgdeforskjell kan gje bilbasert utbygging, dvs konflikt med strategi 4. Utbyggingsområdet er eit viktig friluftsområde, konflikt med strategi 7. Behov for beredskapsveg ut av Breisås, kapasitet på Borgjabrua for auka trafikk må vurderast. På tross av konfliktar med overordna strategiar bør innspelet gå til trinn 2 for å få fram alle konsekvensar av eit forslag det har vore omfattande diskusjon om tidlegare.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
2	NORDBØÅSEN SKULEKRINS: Bø FORSLAGSSTILLARAR/ GRUNNEIGARAR: Kjell Aage Verpe, Halvor Nordbø			G/BNR: 53/3, 4, 5 AREAL: 250 daa BUEININGAR: Ukjent GRUNNGJEVING: Ønsker utviding av regulert, delvis utbygd, bustadfelt i Nordbøåsen. PLANSTATUS: LNF med hensynssone for viktig friluftsområde, idrettsanlegg (lysløype). Faresone for støy frå skyttarbanen. Innanfor tettstadgrensa for Bø				I tråd med utbyggingsmønster (2) og strategi om bevaring av dyrka og dyrkbar mark (6). Om lag 2,5km frå sentrumsfunksjonar/skule for gåande og syklande, men høgdeforskjellar kan gje bilbasert utbygging, dvs konflikt med strategi 4. Utbyggingsområdet er eit viktig friluftsområde, konflikt med strategi 7. På tross av konfliktar med overordna strategiar bør innspelet gå til trinn 2 for å få fram alle konsekvensar av forslaget om utbygging av eit område der det er lagt ned store summar i infrastruktur, som kan nyttast i ei utbygging. Støysone frå skyttarbane ikkje lenger aktuell fordi banen er nedlagt.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
3	GUNHEIM SKULEKRINS: Sauherad FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Sannes, Hilde			G/BNR: 182/1 AREAL: 35 daa BUEININGAR: 20 GRUNNGJEVING: Ønskjer å legge til rette for bustadfelt i eit område Sauherad kommune tidlegare har ønska dette formålet. PLANSTATUS: LNF , hensynssone for friluftsliv. Rett utanfor tettstadgrensa for Gvarv (langs Hørtevn).				I tråd med utbyggingsmønster (2). Hovudsakleg i tråd med strategi om bevaring av dyrka og dyrkbar mark (6), men delvis dyrkbart areal heilt i vest. Byggegrense mot dyrka mark må avklarast. Evt konflikt med strategi om friluftsområde og tilgang til strandsona (8) avhengig av om tilkomst til elva frå Hørtevegen kan sikrast.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2

Generell info		Kart med innspelte vist over dagens situasjon Sjå også kommunekart.no		Kart med innspelet vist over gjeldande kommuneplan Sjå også kommunekart.no		Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
4	LIHEGNA SKULEKRINS: Folkestad FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Verpe, Kjell Aage			G/BNR: 19/34 AREAL: 17 daa BUEININGAR: Ukjent GRUNNGJEVING: Ønskjer å legge til rette for bustadområde. PLANSTATUS: LNF (delvis LNF B, dvs med spreidd bustadbygging). Utanfor tettstadgrensa for Bø.		Større bustadområde utanfor tettstad, dvs i konflikt med fastsett utbyggingsmønster (2). Ikkje i konflikt med dyrka/dyrkbar mark.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2
5	BAKÅS SKULEKRINS: Bø FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Kirsten Bruserud			G/BNR: 38/8 AREAL: 12 daa BUEININGAR: Ukjent GRUNNGJEVING: Ønskjer å utvide eks. bustadfelt B5 PLANSTATUS: LNF, utanfor tettstadgrensa for Bø		Større bustadområde utanfor tettstad, dvs i konflikt med fastsett utbyggingsmønster (2). I konflikt med strategi om dyrka/dyrkbar mark (6) fordi det ikkje vil vere mogleg å bygge ut med tilstrekkeleg byggegrense mot dyrka mark.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2
6	LIHEGNA SKULEKRINS: Folkestad FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Verpe, Kjell Aage			G/BNR: 19/34 AREAL: 4,5 daa BUEININGAR: Ukjent GRUNNGJEVING: Ønskjer å legge til rette for bustadområde PLANSTATUS: LNF B (spreidd bustadbygging), hensynssone for verdifullt kulturlandskap. Utanfor tettstadgrensa for Bø		Bustadområde utanfor tettstad, dvs i konflikt med fastsett utbyggingsmønster (2). Heile arealet er dyrka mark, dvs konflikt med strategi 6..	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2
7	ØDEGÅRDSFELTET SKULEKRINS: Sauherad FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Svalastog, Arne			G/BNR: 191/5 AREAL: 18 daa BUEININGAR: Ukjent GRUNNGJEVING: Ønskjer å utvide eks. bustadfelt PLANSTATUS: LNF, inntil tettstadgrensa for Gvarv (går i grensa for eks. bustadfelt)		I tråd med utbyggingsmønster (2). Konflikt med strategi om bevaring av dyrka og dyrkbar mark (6), da arealet er dyrkbart. Byggegrense mot dyrka mark må avklarast. Ca 2,7 km frå skule, i tråd med strategi 4 om transport. Infrastruktur etablert i eksisterande bustadfelt, og innspelet bør difor takast med til KU for grundigare vurdering på tross av konflikt med strategi 6.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
8	NORDAGUTU SKULEKRINS: Sauherad FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Haug, Hans			G/BNR: 117/1 AREAL: 2 daa BUEININGAR: 1 tomt GRUNNGJEVING: Ønskjer frådeling av inntil 2 mål stor tomt. PLANSTATUS: LNF, hensynssone for viktig friluftsområde, innanfor tettstadgrensa for Nordagutu.		Arealet er dyrkbart. Innanfor viktig friluftsområde, dvs konflikt med strategi nr 7. Flekkvis utbygging som vil føre til fragmentering av større område som bør sjåast i samanheng. Arealbehovsanalyse viser at det ligg ein større bustadreserve på Nordagutu som ikkje er utbygd. Det vert difor ikkje vurdert som naudsynt å legge til rette for bustadbygging utanfor allereie regulerte område. I reguleringsplan for Nordagutu – nordre del (Svevalia) er det regulert framtidig veg tvers gjennom dette området.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2
9	ROKKEMAKARVN SKULEKRINS: Bø FORSLAGSSTILLAR: Bø, Geir og Synnøve GRUNNEIGAR: Bø, Geir			G/BNR: 117/1 AREAL: 2 daa BUEININGAR: 1 tomt GRUNNGJEVING: Ønskjer å bygge bustad i samband med generasjonsskifte på garden. PLANSTATUS: LNF, hensynssone for landbruk, innanfor tettstadgrensa for Bø.		Området er klassifisert som dyrka mark, sjølv om forslagsstillar opplyser om at det ikkje blir dyrka i dag pga stein og morene. Innanfor eit område med hensynssone for dyrka mark som skal styrke jordvernet ytterlegare. Uheldig å bryte opp samanhengande areal, og vanskeleg å bygge på utan konflikt med byggegrense mot dyrka mark. Konflikt med strategi 6.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2

Kart med innspelte vist over dagens situasjon		Kart med innspelet vist over gjeldande kommuneplan					
Generell info		Forslag og planstatus		Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar		Tilråding	
Sjå også kommunekart.no		Sjå også kommunekart.no					
10	NORDBØÅSEN SKULEKRINS: Bø FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Verpe, Kjell Aage		G/BNR: 54/3 AREAL: 2 daa BUEININGAR: GRUNNGJEVING: Ønskjer frådeling av bustadtomt. PLANSTATUS: LNF, innanfor tettstadgrensa for Bø		Innspelet ligg i skråninga opp mot Mørkholtåsen, som er regulert til bustad i områderegeringsplan for Nordbøåsen. Bustadområdet på Mørkholtåsen har god avstand til dyrka mark, som blir forsterka av høgdeforskjellen. Innspelet ligg tett inntil dyrka mark, og vil vere vanskeleg å bygge ut med tilstrekkeleg byggegrense mot drka mark, konflikt med strategi 6. Mørkholtåsen er ikkje påbegynt enno, og det vert ikkje vurdert som naudsynt med byggeareal utanfor dette området og uheldig å bryte den markerte grensa mot dyrka mark som den bratte skråninga utgjær.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2	
11	GUNHEIM SKULEKRINS: Sauherad FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Haugen, Jon Jarle		G/BNR: 181/5 AREAL: 2,5daa BUEININGAR: 1 GRUNNGJEVING: Ønskjer å bygge kårustad. PLANSTATUS: LNF, utanfor tettstadgrense for Gvarv		Dyrkbar jord av god kvalitet i eit stort samanhengande jordbruksområde og kulturlandskap. Ikkje mogleg å bygge ut med tilstrekkeleg byggegrense mot dyrka mark (dyrka mark på alle sider), konflikt med strategi 6. Uheldig å opne opp for spredte tomter i dette landskapet.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2	
12	LANGKÅSHAUGEN SKULEKRINS: Bø FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Fossheim, Helge		G/BNR: 43/6 AREAL: Om lag 1 daa BUEININGAR: 1 GRUNNGJEVING: Ønskjer bustadtomt til bruk innan familien PLANSTATUS: LNF med hensynssone for landbruksområde		Ikkje mogleg å bygge ut med tilstrekkeleg byggegrense mot dyrka mark. Området ligg innanfor hensynssone som skal gje landbruksområde ytterlegare vern, dvs konflikt med strategi 6.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2	
13	BERGAN/NYKÅS SKULEKRINS: Sauherad FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Bergan, Mathias		G/BNR: 180/2 AREAL: 2,2daa BUEININGAR: 1 GRUNNGJEVING: Ønskjer bustadformål for eksisterande eigedom. PLANSTATUS: LNF B (spreidd bustadbygging)		Utover arealet der det står ein bustad i dag, består eigedomen i hovudsak av dyrka mark, dvs at byggeformål her vil vere i konflikt med strategi nr.6. Det er opna for spreidd bustadbygging i området, men dette forutset at tiltaket ikkje kjem i konflikt med dyrka mark.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2	
14	ØSTERLI SKULEKRINS: Bø FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Nordskog, Øystein		G/BNR: 18/115 AREAL: 2 daa BUEININGAR: 1 GRUNNGJEVING: Dagens eigedom er delvis bustadformål og delvis fritidsbustad. Ønskjer bustadformål på heile for å sette opp ny bustad. PLANSTATUS: Fritidsbustad, utanfor tettstadgrensa for Bø		Området ligg langt frå sentrumsfunksjonar og 4,3km frå skule. Det er uheldig å legge til rette for bustadbygging utover eksisterande bustader så langt opp mot Lifjell av omsyn til kommunale utgifter til skuleskyss, heimenetester osv., jf. prinsipp som har blitt lagt til grunn ved tidlegare planarbeid i Bø.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2	